



Kjersti Skeie Sunde
Nesvegen 127

5470 Rosendal

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2022/663-3		17.04.2023

Varsel om pålegg - tilknytning offentlig avløp - 81/44

Dette er eit varsel om pålegg om tilknytning til offentlig avløp. Brev om pålegg om tilknytning er også sendt til eigedom 81/87 i Nesvegen 131. Du får dette brevet fordi kommunen har vurdert at avløpet ditt på 81/44 skal verta pålagt å knyte seg på offentlig avløpsanlegg.

Saksopplysingar

Kommunen var på synfaring på eigedomen din i samband med ein klage om lukt frå avløpsanlegget ditt, 10.09.2021. I etterkant av synfaringa vart det sendt ut ein tilsynsrapport. Innhaldet i denne rapporten var opplysingar om kva vi observerte på synfaringa, samt ein risikoanalyse på avløpsanlegget ditt. Sjå vedlegg.

Som tilsvar på rapporten opplyste du 14.01.2022 følgjande:

Vi har planer om å bygge ut bolig ila. 2022-2025 og i det høve ønskjer vi samstundes å kopla oss på det offentlege kloaknettverket på andre sida av vegen. Dette ønskjer vi å gjera ilag med Nabo på Gnr. Bnr. 81/87 om dei også ønskjer dette.

Graving og påkobling kan da lett gjerast saman med grunnarbeid som vert utført i forbindelse med grunnmur som skal byggjast på 81/88 og 81/44. 81/88 er også eigd av meg og skal ila. 2022 sammenføyast med 81/44.

Vi e foreløpig i planleggingsfase av dette arbeidet og ber om at me kan få ta det ilag med at nemnd arbeid skal utførast for å begrense kostnaden.

På bakgrunn av denne meldinga, vurderte kommunen å lukke saka inntil nye opplysingar i saka kom oss i hende.

Status i saka no er at det er kome søknad om tilbygg på einebustaden dykkar. De har også nyleg teke kontakt med oss der de opplyser om at de vil setje i gang prosess med å få til ein løysing med offentlig tilknytning på avløp.

Grunngjeving

På bakgrunn av saksopplysningane nemnd ovanfor, vurderer kommunen at eit varsel om pålegg om tilknytning til offentleg avløp er eit gunstig og berekraftig tiltak.

Eigedomen dykkar ligg i nærleiken av offentleg anlegg og vi vurderer at det er ingen særlege omsyn som gjer at denne etableringa ikkje kan utførast. Vidare vurderer vi at miljø- og helsefordelen med tiltaket er større enn ulempa. Til sist har vi vurdert at tiltaket ikkje vil vera av ein uforholdsmessig stor kostnad.

Vi viser til forureiningslova § 18 der kommunen har heimel til å pålegge anleggseigar tilknytning til offentleg anlegg dersom:

- det er eit eksisterande utsleppsløve, men dette har ikkje har god nok reinsing av avløpsvatn i samsvar med dagens krav
- har manglar som kan utbetrast med endra vilkår
- avløpsløysinga di er eldre enn 10 år

Varsel om pålegg

Det vert med dette varsla at Kvinnherad kommune vil pålegge deg tilknytning til offentleg avløpsanlegg i medhald av § 18 for eksisterande løyve, dersom du ikkje innan **03. oktober 2023** dokumenterer at tilknytning er gjennomført.

Viser i tillegg til Forureiningsforskrifta § 12-14 og Plan- og bygningslova § 31-12.

Kva må du gjera no?

For tilknytning av offentleg avløpsnett, sjå lenkja under for kva du må gjera <https://www.kvinnherad.kommune.no/tilknytning.445029.nn.html>

Uttalerett

Eventuell uttale på førehandsvarselet må sendast innan 2 veker frå brevets dato, jf. forvaltingslova § 16. Eit førehandsvarsel er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på, klagerett føreligg først dersom vedtak om pålegg vert gitt.

Du har rett til å sjå dokumenta i saka

Du har rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med saksbehandlaren vår på kontaktinformasjon synneve.skei@kvinnherad.kommune.no

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Anne Rita Eriksen

Rosendalvegen 10

Mottakarar:

Kjersti Skeie Sunde